

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
v/Marianne Haaland
5020 Bergen

Kleppestø, 13.02.17

Søknad om støtte til tilbud om gratis skulefrukost

Askøy videregående skole vil med dette søkje om kr.150 000 til støtte til tilbud om gratis skulefrukost. Skulen har 536 elevar, og gjennomsnittleg inntakspoeng til Vg1 er ca. 40, men varierer sterkt mellom utdanningsprogramma; frå 31,6 til 43,5.

Vi ønskjer å tilby frukost 3 dagar i veka. Vi vil starte tilbodet i mars og halde fram til midt i mai; til saman 7-8 veker. Da startar eksamen, og kantina blir brukt som eksamenslokale. Til hausten vil vi tilby frukost i 16 veker. Vi ser for oss at 70 – 80 elevar vil nytte seg av tilbodet. Til å byrje med vil tilbodet gå ut til alle elevar. Viss det viser seg at det kjem fleire enn 80 elevar, vil vi gi tilbodet til spesielle grupper elevar.

Tilbodet vil bli gitt i samarbeid med Helletun AS som driftar kantina vår. Dei vil kjøpe inn matvarene, og våre elevar og lærarar i småklassane vil gjere klar maten og rydde etterpå. Ein enkel frukost vil koste om lag kr. 25 pr. person. I tillegg kjem bruk av papptallerkenar og koppar. Totalt blir dette kr. 150 000. Skulen sin eigendel er bruk av lærar- og/eller assistent for å gjere frukosten klar og til å rydde etterpå; berekna til kr. 25 000 for 2017.

Får vi tildelt ein mindre sum, vil vi kunne tilpasse tilbodet etter det.

Er det behov for ytterlegare informasjon, ta kontakt med skulen.

Med ønskje om eit positivt svar på søknaden vår.

Sigrd Hiller
rektor